

# Eksamen

28.05.2018

DTE2001 Produksjon og materiale / Produksjon og materialer

**Programområde:** Design og tekstil

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kjelder</b>	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Vedlegg</b>	Vedlegg 1: Modell Interiør 1 Vedlegg 2: Modell Interiør 2
<b>Informasjon om vurderinga</b>	<p>Karakteren blir fastsett etter ei heilskapleg vurdering.</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Når du løyser oppgåva, må du skildre dei vala du gjer, og gi ei grunngjeving.</li><li>• Kompetansen din i faget ut frå kompetansemåla i læreplanen viser du ved å:<ul style="list-style-type: none"><li>○ presentere og bruke fagstoff, og grunngje synspunkt og forslag til løysing på oppgåva</li><li>○ trekkje inn ulike synspunkt og løysingar som er relevante for problemstillingane i oppgåva</li><li>○ gjere greie for resultatet/konsekvensane av dei faglege vala dine</li><li>○ meistre relevante grunnleggjande ferdigheiter</li><li>○ bruke døme der det er relevant</li><li>○ bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på ein formålstenleg og etterretteleg måte</li></ul></li></ul>

## EKSAMENSOPPGÅVE:

Du har fått i oppdrag å planlegge produksjon av puter som skal seljast på nettet. Utgangspunktet ditt er vedlegg 1 eller vedlegg 2, modellar av puter og teknikkar. Du skal planleggje produksjon av ei dekorativ pute som kan brukast i opphaldsrom om hausten, og grunngje vala dine. Tekstilteknikken er strikking eller ein annan dekorativ teknikk som maskinbroderi, applikasjon eller stofftrykk.

### Oppgåve 1

- a) Vel ein av modellane som utgangspunkt for produktet ditt. Teikn ei arbeidsteikning av produktet ditt der du sjølv bestemmer dekoren. Skriv med stikkord kva produktet inneheld av dekorteknikk, saumar og detaljar.
- b) Du skal velje hovudmateriale for produktet (fiber). Forklar og grunngje kvifor dette materialet passar til produktet ditt.
- c) Forklar korleis fibermaterialet ditt blir laga fram til garn, og kva som er typiske bruksegenskapar for fiberen (både positive og negative).
- d) Forklar kva andre typar materiale og tilbehøret du vil bruke i produktet ditt, og grunngje vala dine.
- e) Gjer eit stipulert prisoverslag av materialforbruket ditt til produktet.
- f) Skriv vedlikehaldsmerking av produktet ditt ved bruk av symbol og tekst.

### Oppgåve 2

- a) Du skal grunngje og forklare den dekorative teknikken du har valt. Bruk faguttrykk og -omgrep.
- b) Du skal forklare korleis du vil lage mønsteret til dekoren eller strikketeknikken. Teikn og forklar.

## Oppgave 3

- a) Skriv ei produksjonsrekkjefølgje der du forklarar korleis du vil produsere produktet. Bruk omgrep som er relevante.
- b) Kva pressemetodar vil du bruke i produksjonen? Forklar kvifor.
- c) Kva samanføyningsteknikkar vil du bruke i produksjonen? Teikn og forklar.

## Bokmål

### Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Vedlegg</b>	Vedlegg 1: Modell Interiør 1 Vedlegg 2: Modell Interiør 2
<b>Informasjon om vurderingen</b>	<p>Karakteren fastsettes etter helhetsvurdering.</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Når du løser oppgaven må du beskrive de valgene du tar, og du må grunngi svarene.</li><li>• Kompetansen din i faget ut fra kompetansemålene i læreplanen viser du ved å:<ul style="list-style-type: none"><li>○ presentere og bruke fagstoff, og grunngi synspunktene dine og forslag til løsning av oppgavene.</li><li>○ trekke inn ulike synspunkt og løsninger som er relevante for problemstillingene i oppgåvene.</li><li>○ gjøre greie for resultatet/konsekvensene av de faglige valgene dine.</li><li>○ mestre relevante grunnleggende ferdigheter.</li><li>○ bruke eksempel der det er relevant.</li><li>○ bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på en hensiktsmessig måte.</li></ul></li></ul>

## **EKSAMENSOPPGAVE:**

Du har fått som oppdrag å planlegge produksjon av puter som skal selges på nettet.

Ditt utgangspunkt er vedlegg 1 eller vedlegg 2, modeller av puter og teknikker.

Du skal planlegge produksjon av en dekorativ pute som kan brukes til høstens oppholdsrom og begrunne dine valg.

Tekstilteknikken er strikking eller en annen dekorativ teknikk som maskinbroderi, applikasjon eller stofftrykk.

### **Oppgave 1**

- a) Velg en av modellene som utgangspunkt for ditt produkt. Tegn en arbeidstegning av ditt produkt hvor du bestemmer dekoren selv. Skriv med stikkord hva produktet inneholder av dekorteknikk, sømmer og detaljer.
- b) Du skal velge produktet sitt hovedmateriale (fiber). Forklar og begrunn hvorfor dette materialet passer til ditt produkt.
- c) Forklar hvordan ditt fibermateriale blir laget frem til garn og hva som er typiske bruksegenskaper for fiberen (både positive og negative).
- d) Forklar hvilke andre typer materialer og tilbehøret du vil bruke i ditt produkt og begrunn dine valg.
- e) Gjør et stipulert prisoverslag av ditt materialforbruk til produktet.
- f) Skriv vedlikeholdsmerking av produktet ditt ved bruk av symboler og tekst.

### **Oppgave 2**

- a) Du skal begrunne og forklare din valgte dekorative teknikk. Bruk faguttrykk og begreper.
- b) Du skal forklare hvordan du vil lage mønsteret til dekoren eller strikketeknikken. Tegn og forklar.

### Oppgave 3

- a) Skriv en produksjonsrekkefølge hvor du forklarer hvordan du vil produsere produktet. Bruk begreper som er relevant.
- b) Hvilke pressemetoder vil du bruke i produksjonen? Forklar hvorfor.
- c) Hvilke sammenføringsteknikker vil du bruke i produksjonen? Tegn og forklar.

Vedlegg 1: Modell Interiør 1





Vedlegg 2: Modell Interiør 2





[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)